



## Notat

Dato

LEIKANGER, 19.01.2016

**Frå:** Paal Fosdal  
**Til:** Einar Ulla, SEK  
**Til:** Tore Eriksen, FRM  
**Kopi til:**

### Forvaltningsrevisjon - Tryggleik og beredskap

Eg viser til sak 38/15 Skriv og meldingar frå kontaktutvalet sitt møte 26.august f.å.

Dette notatet er ein oppdatert status for arbeidet med *Forvaltningsrevisjon - Tryggleik og beredskap*, mars 2014.

Tilrådinga i revisjonsrapporten er i 14 punkt, der administrasjonen no arbeider særleg med punkt 3 og 4:

3. Innan kort tid gjennomfører risikoanalyse for fylkeskommunen, inkludert alle verksemndene, og sørger for at analysen blir følgt opp med naudsynte handlingsplanar og tiltak.
4. Ferdigstiller den overordna kriseplanen med handlingsplanar for identifiserte hendingar og vurderer om kriseplanen kan oppdaterast med meir utfyllande informasjon om fylkeskommunen sitt arbeid med tryggleik og beredskap.

samt med punkt 13:

13. Utarbeider ei oversikt over transportberedskapsbehovet i fylket, herunder eit samla oversyn over kaier som kan nyttast i tilfelle vegstengingar.

Dei resterande punkta er heilt eller delvis kvittert ut tidlegare, men vil bli teke opp att når sluttrapporteringa skal ferdigstilla.

#### Status punkt 3 og 4.

I møtet 26.august f.å. orienterte eg kontrollutvalet om at vi ikkje ville vere klar med ein oppdatert ROS-analyse innan 31.desember 2015. Vi vart samde om at eg i samråd med kontrollutvalet si sekretær skulle kome med eit nytt framlegg til framdriftsplan. Eg har i tillegg innhenta råd frå fylkesberedskapssjefen hos Fylkesmannen om korleis vi bør gå fram.

Det som er førande for vidare framdrift i arbeidet med ROS-analysen, er omorganiseringa av sentraladministrasjonen pr. 1.4.2016. Det har lita hensikt å oppdatere ROS-analysen før denne omorganiseringa er gjennomført og den nye organisasjonen er kommet i drift.

Fylkesrådmannen vil difor be om at fristen for utarbeiding av oppdatert ROS-analyse og kriseplan vert sett til 31.desember 2016.



**Status punkt 13.**

Oppdragsbrev knytt til registrering av kaier vart sendt til kommunane 28.mai 2015, og purring på dette brevet vart sendt 24.august 2015. I purringa vart frist sett til 1.september 2015.

Pr. 1.september har vi motteke opplysningar om totalt 176 offentlege kaiar. 10 kommunar har ikkje svart innan fristen. For to av desse er ikkje registreringa aktuell (Hornindal og Jølster).

Til dei kommunane som ikkje har svart vart det sendt ny purring 1.desember 2015 med frist 1.februar 2016.

Fylkesrådmannen vil følgje opp saka vidare, men er avhengig av at kommunane svarer. Også for dette punktet vil fylkesrådmannen be om at fristen vert sett til 31.desember 2016.